



Haugaland brann og redning iks

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Repr 24/008	Dato:	21.03.2024

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	21.03.2024	vedtak
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	19.04.2024	orientering

STYREEVALUERING 2023

HANDSAMING:

Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vedtek oppsummering av evalueringa som framlagt. Oppsummeringa vert oversendt representantskapet til orientering.

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Framlegg til vedtak er einstemmig.

Vedtak i styret

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vedtek oppsummering av evalueringa som framlagt. Oppsummeringa vert oversendt representantskapet til orientering.

Sakshandsaming i representantskapet 19.4.2024

Vedtak i representantskapet

SAKSOPPLYSNINGAR:

Eigarstrategien for Haugaland brann og redning iks seier i punkt 1.3, siste strekpunkt, at styret skal årleg evaluere sitt eige arbeid. Formålet med evalueringa er å forbetre styrearbeidet og å gje innspel til selskapet sin valkomité om samansetning av styre og funksjonsmåte.

Evaluering er gjennomført ved at ein digital og individuell vurdering basert på KS sin tilråding av styreevaluering. Dagleg leiar samlar inn informasjonen og samanstillar denne.

VURDERINGER:

-

Haugesund, 21.03.2024

Dag Botnen
brannsjef

Dokument: 1. Oppsummering av evaluering til representantskap (vedlagt)



HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS

Representantskapet for HBR iks

Haugesund 21.03.2024

Saksnr.: [24/00x]

Arkivnr.: [M80]

Saksbehandler: [DB/adm]

Styreevaluering – attendemelding til representantskap

Det vert vist til styresak 24/018 – eignevaluering av styret samt styreprotokoll av 21.03.2024. Styret skal etter eigarstrategien for selskapet vurdere sitt eige arbeid. Følgjande evalueringsområde er gjennomført:

1. Styrearbeid

Score for styrearbeid har ei lita auke frå tidlegare år.

Styret har gjennomført styrekurs i regi av Samfunnsbedriftene og har ein god forståing av oppgåver. Strategisk arbeid har ikkje ønska framdrift som følgje av at styret ventar på mandat og revidert eigarstrategi.

Styret opplever høge forventningar frå eigarane parallelt med krav om økonomisk reduksjon.

Styret opplever å vera i ein normal og konstruktiv fase der drøftingar er prega av å vera opne og ærlege.

2. Sakshandsaming

Scoren for sakshandsaming er stabil.

Sakene er godt førebudd og kjem normalt i god tid. Nokon saker er tunge og/eller krevande med knapp tid for utarbeiding. Dette medfører at nokre saker må ettersendast og det kan vera noko kort tid til førebuing.

3. Forholdet mellom eigarar og styre

Scoren er noko redusert frå tidlegare år.

Det er ein usikkerheit rundt eigarane sine forventningar til selskapet då styret ikkje opplever at det er samsvar med handlingsrom. Det føreligg ein eigarstrategi, men denne vert ikkje følgt fullt ut. Det kjem styringssignal til selskapet frå fora som ikkje er dei formelle.

4. Oppfølging av administrasjon

Scoren er noko redusert frå tidlegare år.

Det er god dialog mellom styret og administrasjon gjennom dagleg leiar.

5. Styrekompetanse

Scoren er tilsvarande som for tidlegare år.

Det vert vurdert til at styrekompetansen er god. Det er god møteleiing, god oppfølging og engasjerte deltakarar.

Haugaland brann og redning iks



Diktervegen 8
5538 Haugesund



tlf: 91 91 01 11
e-post: postmottak@hbre.no

nettside: www.hbre.no
org.nr: 819 585 822

Det vil vera ein fordel om førebyggjande får ein høgare prioritering/synlegheit i arbeidet til administrasjon og styre. Det vil vera ein fordel om det var ein representant i styret frå førebyggjande avdeling.

6. Styremedlemmene sin eigenvurdering

Scoren er tilsvarande som tidlegare år.

Det vert brukt tilstrekkeleg tid til styrearbeidet der motivasjonen er god og det gir læring.

7. Generelle kommentarar

Det er krevande med dei omstillingane som selskapet er inne i der det kan vera fornuftig å styrke kompetanse innan endringsleiing og kommunikasjon. Selskapet treng ro, stabilitet og ein fornuftig finansiering for vidare drift.

Dag Botnen
brannsjef